

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 21.04.2020

Styremøtet vart halde utandørs på nedsida av Herand kulturhus, gjeldande smittevernreglar vart fylgde.

Til stades: Gunnar Dalseth, Sigmund Eiken, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Kenneth Vikane, Ole Gisle Vassel og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Thorleif Gjernes

Referent: Kaia

Sak 2020/22: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2020/23: Godkjenning av referat frå styremøte 10.03.20; godkjent

Sak 2020/24: Drøfting av følgjene i bygda knytt til tiltak rundt covid-19:

- For aktivitetane i frivillige lag; ein del inntektstap grunna avlyste arrangement, laga oppmodast om å søke på kompensasjonsordningar.
- For næringslivet; butikken sårbar, har permittert. Elles ulike tiltak hjå verksemdene.
- For ulike grupper – eldre, born og ungdom: Utfordrande med besøksforbod/stopp i frivillige aktivitetar ved Vikevollen, både for bebuarar og pårørande.
- For andre enn fastbuande – hyttefolk, turistar: hytteforbodet er oppheva frå og med 21.04. Me ser det aukar med folk i bygda. Grunna karantenereglar ved innreise til Noreg, vil det ikkje kome mange utanlandske turistar denne sommaren.

Sak 2020/25: Tilstellingar:

Feiring av 17.mai; Kaia orienterte om kva 17.mai komiteen planlegg. Informasjon vil kome ut så snart eit lite program er sett. Dette vert i samarbeid med gjeldande smittevernreglar og kommunen. Bygdelaget tek kostnadene, me kan undersøkje om kommunen kan bidra med midlar.

Sak 2020/26: Utsetting av årsmøte.

Kortid er det realistisk at ein får gjennomført eit årsmøte? Viss tiltaka rundt korona tillét det, vil me avhalde årsmøte før 20. juni. Om tiltaka er like strenge etter 1. mai, vil me prøve igjen medio august. Om det ikkje vert årsmøte i juni, vert det eit styremøte.

Sak 2020/27: Eigedomar:

- Korrespondanse med Ullensvang kommune om tomtegrensa rundt kulturhuset, den er ikkje oppmålt. Dette kan gjerast, men er kostbart. Om kommunen ynskjer å gjere og koste dette, kan det gjerast. Viss ikkje, går me ut i frå at me eig i fylgje gjerder og andre naturlege grenser.
- Stell av badestranda; me har vore i dialog med kommunen. Dei tar alt stell av stranda frå no av etter sine rutinar. Det kjem nye bosspann.
- Status på ymse prosjekt: pipe på kulturhuset, her er det ikkje gjort noko, men saken er under planlegging.
- Moppevaskemaskin; Sigmund prøver å finne ut kven som kan levere en maskin i storleik 6-8kg. og tingar maskin til kulturhuset.

Sak 2020/28: Økonomi/søknader/fristar etc.:

Fristar for søknader, dette ser me på til hausten, ingenting skal søkast no.

Sak 2020/29: Eventuelt/andre saker:

- Kaia kjøper blomar og planter i bygdelagets krukker i bygda rundt 1. mai.
- Dugnad: Det vert ikkje kalla inn til felles dugnad i bygdelagets regi grunna smitteverntiltak. Oversikt på dugnadsoppgåver heng på tavla på butikken. Me oppmodar alle om å ta eit tak, gjerne setje nye oppgåver på lista og krysse ut det som er gjort. Ta kontakt med styret om ein lurar på noko. Tusen takk for all innsats!
- Bygdelaget lager liste over vatning/stell av blomar og tømning av boss i skulesvingen gjennom sommaren.
- Dialog med Landskapsparkgruppa om kva som gjerast med Herand Kulturhistoriske Senter denne sommaren.
- Kenneth Vikane skal i ny jobbperiode på Bjørnøya frå 14.05.20. Han får permisjon frå vervet som styremedlem ut året (er ikkje på val dette året). 1.vara går inn som fast styremedlem i perioden.

Neste styremøte tysdag 09.06.20 kl. 19.00 på Herand kulturhus